



Til foreldre og føresette i Alver kommune

Først vil vi rette ein **stor takk** til alle foreldre og barn, som gjer ein ekstrainsats på heimebane i desse dagar. Vi veit at det er krevjande for mange å sjonglere ulike behov i den nye kvardagen, men ser at fleire har gode rutinar – og gjer eit godt stykke arbeid.

Treng du nokon å snakke med?

Synes du og/eller barna dine at kvardagen er vanskeleg og har behov for å snakke med nokon?

Det finst mange hjelpetelefonar, som særleg rettar seg mot barn og unge:

- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111
- Mental helse ungdom: 116 123
- Kors på halsen: 800 33 321
- Kirkens SOS: 22 40 04 40
- Rustelefonen: 08588

Stengt til over påske

Regjeringa har forlenga tiltaka som skal begrense smitte og redusere trykket på helsetenesta vår. Dette betyr at skular og barnehagar skal vere stengt til over påske – til og med måndag 13. april.

Perioden kan bli forlenga.

Kven har rett på tilbod?

Dersom begge føresette har arbeid med samfunnskritisk oppgåver, eller du er eineforsørgjar med eit slikt arbeid, har du rett til å ha barna i barnehage og skule.

Har du barn med særskilde omsorgsbehov, som ikkje kan ivaretakast når barnehage og skule er stengt, kan du også ha rett til eit tilbod.

Ta kontakt med styrar eller rektor om du har eit behov og fyller eitt av desse kriteria.

Lurar du på om jobben din står på lista over samfunnskritiske funksjonar? Sjekk lista på nettsida vår: www.alver.kommune.no/innhald/korona/skular-og-barnehagar/

Eksamen er avlyst

Alle skriftlege og munnlege eksamenar for 10. trinn våren 2020 er avlyst. Dette får ingen konsekvensar for elevane sin vidare skulegang.

Skulane skal no prioritere å sikre vurderingsgrunnlag og leggje opp arbeidet slik at elevane kan få standpunktarakter i alle avgangsfag.



Ingen faktura denne månaden

Du skal ikkje betale for SFO og barnehage så lenge det ordinære tilbodet er stengt. Det same gjeld for deg som har eit tilbod i barnehagen og på skulen desse vekene.

Sidan den betalingsfrie perioden no er fire veker til saman, kjem vi ikkje til å sende faktura for SFO og barnehage i april.

Hald deg oppdatert

På nettsida vår www.alver.kommune.no/korona og facebooksida vår www.facebook.com/alverbu finn du siste nytt om det som gjeld for oss i Alver kommune.

Her finn du også oppdatert informasjon:

- www.fhi.no,
- www.helsenorge.no
- www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset

Vi oppmodar alle om å ta vare på kvarandre. Hald avstand – og hald kontakt på telefon og nett!

Mona Hagewick
tenesteleiar barnehage

Olaf Hella
tenesteleiar skule